

1. Trygge og levande lokalsamfunn for alle

Mål:

- Det skal vera trygt og godt å bu i Dovre gjennom heile livet. Vi skal vera eit tilgjengeleg og inkluderande lokalsamfunn der det er rom for alle og der alle kan bidra uansett alder.
- Unge i Dovre skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø, med positiv fritid og høg trivsel som gjev djupe røter i bygda.
- Vi skal ha attraktive, levande og aldersvennlege lokalsamfunn med gode møteplassar i heile bygda som skapar lyst til å bu og bli. Vi skal støtte opp under aktivitet, deltaking og møte mellom generasjonar.
- Dovre skal vera ein kommune som spelar på lag med frivilligheita, næringslivet, kyrkja kulturlivet, idretten og alle andre som bidreg til å bygge eit godt lokalsamfunn.
- Dagens sikkerheitspolitiske situasjon krev meir av oss. Derfor skal Dovre kommune ha gode og oppdaterte beredskapsplanar. Vi skal styrke heile Dovre-samfunnet sitt samhald og motstandskraft i møte med kriser som måtte oppstå.

Innspel og forslag til endringar i målformuleringane:

- Dette er gode og gjennomtenkte mål på eit generelt/overordna nivå. Litt for vage og seier lite om kva kommunen vil med Dovre tettstad, ifølgje nokon.
- Fleire av måla er like måla i den førre kommuneplanen. Status frå førre plan burde vore oppgitt som læring.
- Hugs at vi har andre trussamfunn enn kyrkja.

Innspel til kva vi kan gjera for å nå måla og andre innspel:

- Folk på Dovreskogen kjenner på at det er store avstandar til jobb, barnehage/skule og fritidsaktivitetar. Viktig å hugse på at folk på Dovreskogen gjerne jobbar på Otta, Vinstra og i Vågå.
- Viktig å oppretthalde ordninga med SFO-buss, sjølv om det er vedtatt at den skal avviklast pga. kostnader. Ordninga bør i staden utvidast til Dovreskogen. Ordninga bør ikkje falle bort sjølv om den i periodar ikkje blir brukt. Finst det praktiske løysingar – bestillingstransport, knyte til eksisterande bussruter – kunne rutebussar køyrt innom og henta ungar?
- Oppretthalde tilbod om sommar-SFO.
- Folk på Dovreskogen bruker mykje av tida si i bil. Trafikktryggleik.
- Vi må sørge for at det finst jobbar og attraktive bustader. Legge til rette for fleire tomter i utkantane av kommunen.
- Vi treng fleire ulike møteplassar – ikkje berre til idrettsaktivitet.
- Vi må støtte opp om frivilligheita, lag og foreningar. Aktiviteten avhenger av frivillig innsats og eldsjeler – dette er sårbart sidan innsatsen ofte er knytt til barnefamiljar.
- Sjå på kontingentane til idrettslaga – kan dei slås saman til ein felles?
- Samarbeid mellom idrettslaga om å bruke anlegga i heile kommunen – t.d. ski på Dombås, gymsalen på Dovre og frisbee og skøyter på Dovreskogen
- Vi treng ei oversikt over alle aktivitetane som finst i kommunen.
- Dovre kommune kan vera ein hub for fritidsaktivitetar.
- Kommunen kan dele det som skjer.
- Kan vi få til ei mappe eller informasjonsbrosjyre: «Velkome til Dovre»? Rundtur med politikarar og folk frå administrasjonen for å sjå kva som skjer i heile kommunen?
- Marknadsføre Dovre kommune betre – «her er det godt å bu!»
- «Alle Med»-dugnaden og «Frivilligforum» var bra – kan vi få til meir av dette?
- Vi må få med ungdommen!
- Kan vi samle næringslivet i kommunen til ein arbeidsverkstad eller idédugnad om samfunnsutvikling, næringsutvikling, heimflytting, bulyst, osv.?
- Vurdere å starte opp igjen barneskulen på Dovre.
- Gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen.
- Fleire busshaldeplassar og busstur.
- Universell utforming.
- Grendemøte.
- Fleire byggeklare tomter som er tilrettelagt for dei som vil bygge.
- Ta vare på dei møteplassane vi har og utvikle dei: Skogvang, Dovre samfunnshus, Mosjordet, Dovre kyrkje, Dombås kyrkje, Dombås samfunnshus, Moskushallen og Dombås kino.
- Sjå dei forskjellige tettstadene kvar for seg, alle delar av kommunen har sine stadeigne kvalitetar.
- Stimulere til at generasjonar samlast i bustadområde.
- Stimulere til bustadbygging for alle generasjonar. Det er positivt at den eldre generasjonen får ta del i kvardagen til dei yngre. Det kan vere alt frå å følgje med gjennom vindauget til meir aktiv deltaking.
- Det er stor mangel på små leilegheiter – kan det bli leilegheiter av denne typen i det gamle skulebygget på Dovre?
- Bustadutbygging på Slåvik? Kommunen må legge til rette for private utbyggarar og fleire moglegheiter.
- Vi vil ha ljøs i alle hus.
- Legge til rette for bustadtomter utanfor sentrum.
- Bygge ungdomsleilegheiter for utleige.
- Sentralt bufelleskap for eldre.
- Få til samarbeid og positivitet på tvers av grendene/tettstadene. Her må kvar og ein begynne med seg sjølv. Og så må vi prate saman.
- Vi må forvente meir av oss sjølve og frivilligheita. Vi må snakke meir saman, møtast oftare gjennom ulike typar arrangement.
- Det er mange gode tilbod for folk i alle aldrar i Dovre, men hugs at det ikkje berre er alder som teller. Funksjonsevne òg.
- Satse på å få på plass fleire arbeidsplassar, slik at folk kan flytte hit.
- Attraktiv rasteplass på Dovre.
- Breiare støtte til kultur og frivilligheit.
- Regionale samarbeid for å samle og ivareta frivilligheit, kultur, samfunnshus, osv.
- Kommunen må spille på lag med innbygarane, ikkje minst med frivilligheita.
- Det er behov for tilfluktsrom og offentlege toalett.
- Ekspressbussen stoppar berre ved Toftemo. Dette er trafikkfarleg og upraktisk.

- Utvida frivilligsentral.
- Kan vi arrangere festar for nyinnflyttarar, samlingar på tvers av grendelaga, opne dagar rundt omkring i kommunen? Vi må skape møteplassar mellom generasjonar.
- Beredskap handlar m.a. om matsikkerheit og gode og trygge vegar.
- Kommunen bør organisere kampanjar overfor innbyggjarane som handlar om sikkerheit og beredskap. Legge til rette for «nabohjelp». Eks. på gode tiltak: «Beredskapshagen» med Anders Nordrum på biblioteket i mars.
- Ungdomsklubb/fritidsklubb/møteplass for ungdommar, der det er trygt å vera og inkluderande for alle (gjerne med bordtennis, biljard, shuffle board, air hockey, og liknande.
- Legge til rette for fleire og betre generasjonsmøte og møteplassar der folk i alle aldrar kan møtast. Kan idrettslaga få med fleire grupper i aktivitetar og dugnadar (seniorgrupper)?
- Vi må finne ut kva folk ønsker seg av tilbod – kva vil ungdommen ha?
- Eit aktivt landbruk er viktig for beredskapen.
- Vidareutvikle Dombås sentrum som eit attraktivt område med fleire attraksjonar. Eit levande og interessant sentrum. Meir fotgjengarvennleg. Sentrum er meir enn Sentralplassen. Sjå til begreper som er brukt i planane for Dovre sentrum.
- Betre forhold for mjuke trafikantar i Dombås sentrum, særleg på sentralplassen, området rundt Coop-bygget.
- Betre merking/skilting for å komme seg trygt inn, ut og rundt på sentralplassen.
- Trafikksikkerheita rundt barneskulen på Dombås må bli betre.
- Betre kollektivtilbod.
- Utvikle Dombåshaugen som aktivitetsområde og turområde sommarstid. Mykje spennande og mange moglegheiter der. Turområde for korttidsparkerande, hotellgjestar, barn og vaksne på Dombås. Eit flott utsiktspunkt. Utvikle Einbu-museet i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea, osv.
- Utnytte moglegheitene i området rundt Trolltun, skiarenaen og Hundyrju – utvida aktivitetsområde med utgangspunkt i sti- og løypenettet som ligg der.
- Skilt med bilde og tekst som fortel historia til hus og stader på Dombås (og andre stader). Om arkitektur, jernbane, krigshistorie, Jorabrue, veg, folk, osv. Her er det mykje å velge i. Kan bli morosame, lærerike og populære vandreruter t.d. «krigsminnevandring», «arkitekthistorisk vandrerute».
- Dagsturhytte/gapahuk på knausen over utsikten/E6. Eit flott utsiktsområde. Turmoglegheit for besøkande på fjellskulen, på Trolltun, for hyttefolket og bebuarar på Dombås og andre.
- Er det mogleg å etablere ei velforeining eller grendelag for Dombås?
- Mange små lag og foreiningar kjempar om dei same ressursane – slå saman dei som har felles interesser?
- Grendemotsetningar kan utfordre samhaldet i bygda.
- Etablere eit skileikanlegg som lågterskel og morosam aktivitet.
- Utnytte dei lokala og anlegga vi har – kreativ fleirbruk.
- Vi må inkludere alle, særleg vaksne som kjem frå andre stader. Det er lettare for barna å finne seg til rett i lokalsamfunnet. Vi manglar tilbod for vaksne. Gjerne som ikkje er idrett.
- Betre kollektivtilbod.
- Verdsette frivilligheita, styrke lag og foreiningar.
- Viktig med god brøyting og strøing og fjerne snøhaugane i sentrum.
- Meir ljøs ved gangfeltet ved Dombås-kyrkja og ved Minneparken/Feelgood (mykje farleg villkryssing i området rundt rundkøytinga).
- Svømmehallen er eit godt tilbod, men det må settast av tid til «vaksensvømming» og vurdere utvida opningstid.
- Bygge opp under engasjement som finns og verdiar som rausheit, stoltheit og identitet.
- Halde fram med nynorsk.

2. Gode tenester – heile livet

Mål:

- Vi skal ha trygge og inkluderande skular og barnehagar som fremmar helse, trivsel og læring. Vi skal ha nok kvalifiserte lærarar og tilsette i skular og barnehagar, som ivaretek både det faglege og det psykososiale. Vi skal ha gode fysiske læringsmiljø inne og ute og eit læringstilbod som er tilpassa alle barn og elevar på alle nivå.
- Kommunen skal legge til rette for at innbyggjarar i alle aldrar og livsfasar kan leve aktive og meningsfylte liv med god livskvalitet.
- Innbyggjarane skal oppleve å få nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester når dei treng det.
- Vi ønsker å samarbeide med frivillige, lag og foreiningar for å skape enda betre kommunale tenester.

Innspel og forslag til endringar i målformuleringane:

- Dette er gode mål, ifølge dei fleste.
- Litt knapt og nøkternt språk om helse – få med at det er viktig å kunne bu trygt heime så lenge som mogleg.
- Bør ha med formulering om mobbing og utanforskap.

Innspel til kva vi kan gjera for å nå måla og andre innspel:

- Presisjons- og ambisjonsnivået er høgare i det første målpunktet (på oppvekstområdet) enn når det gjeld helse og omsorg. Er dette bevisst? Er oppvekst viktigare enn helse og omsorg?
- Tidleg innsats!
- Viktig med kvalifiserte lærarar og barnehagetilsette – stillingar må lysast ut tidleg på året og aller helst som faste stillingar. Unngå hyppige utskiftingar og vikariat – vi vil ha stabilt personell i Dovre barnehage.
- Betre rekrutteringsprosessar til kommunale stillingar.
- Innsats for å få tak i nok kvalifiserte lærarar.
- Betre uteområde på barneskulen med sklier, husker og leikestativ.
- Betre inneområde på barneskulen – dei har det altfor trangt.
- Vi må stille større krav til foreldre i oppvekstfasen.
- Viktig med godt samarbeid mellom foreldre, skule og ungar.
- Vi må òg stille større krav til ungane når det gjeld åtferd, skikk og bruk og orden. Barna må oppleve konsekvent grensesetting.
- Dei fysiske forholda og omgivingane ert avgjerande for god læring. Elevane treng gode og trygge rammer, og foreldra må vere med for å få til dette.
- Alternative læringsmiljø, som t.d. «inn på tunet».
- Bruke naturen meir aktivt i undervisning – la elevane gå på oppdagingsferder.
- Avkorting på kommunale avgifter for grendehusa.
- Universell utforming og tilbod for alle aldrar i lokalsamfunnet.
- Openheit.
- Tilrettelagte bustader for dei som treng det.
- Betre transporttilbod gjennom kommunen.
- «Prøvebo»-satsing på barnefamiljar.
- Ta vare på småbruka, slik at desse blir tilgjengelege for tilflyttarar og andre. Passe på at små bruk ikkje berre blir «spist opp» av større bruk.
- Satse enda meir på LMS Otta.
- Vi må ha fagarbeidarar i fulle stillingar. Då blir dei verande i bygda.
- Viktig at kommunen støtter opp om aktivitet i alle grendene.
- Gratis buss for ungdom, slik at dei kjem seg til og frå aktivitetar.
- Dovre må vera ein attraktiv stad å bu.
- Forebyggande helsearbeid. Universelt utforma bru over Einbugga ved Fredheim. Tilgang frå Fredheim til skog og dyreliv – sjå vann! Dett er eit viktig tiltak for å sørge for at alle innbyggjarar skal kunne leve aktive og meningsfylte liv.
- Tilbod for vaksne. Det trengst fleire sosiale møteplassar for einslege og vaksne utan eigne barn.
- Gratis svømming for unge er kjempebra, men svømmehallen burde vore open i helgene òg.
- Forenkle ulike skjema på helseområdet.
- Frivilligsentralen er fantastisk og bør styrkast med meir ressursar og meir personell.
- Helsestasjon for foreldre og helsestasjon for eldre.
- Legge til rette for sentrumsnære bustader for eldre med gode uteområde.
- Generasjonsmøter gjennom småoppdrag, som f.eks. snømåking.
- Gjere nytte av dei ressursane vi har, som t.d. Fjellskulen.
- Ein felles portal med informasjon om tenestene på ulike språk.
- Vi treng kompetente leiarar som forstår og løyser utfordringar.
- Gode skiløyper er viktig for folkehelsa.
- Tenestene må vera lett tilgjengelege.
- Få innbyggjarane til å ta meir ansvar for eigne liv og for å ha det bra. Auke den digitale kompetanse blant folk.
- Innarbeide begrepet «godt nok» i mange samanhengar.
- Vi må ta vare på all våre nye innbyggjarar frå mange forskjellige land (sysseletting, busetting)
- Meir tverrfagleg samarbeid innan oppvekst og skule.
- Meir interkommunalt samarbeid om stillingar.

3. Demokrati, styring og aktiv deltaking

Mål:

- Vi skal styrke lokaldemokratiet og det lokale sjølvstyret og få fleire til å ta del i samfunnsliv og samfunnsutvikling. Vi skal utvikle Dovresamfunnet saman, og dei unge skal vera med å skape den kvardagen og framtida dei ynskjer i Dovre. Kommunestyret skal styre samfunnsutviklinga i Dovre.
- Vi skal betre kommunikasjonen med innbyggjarane og jobbe for å styrke Dovre kommune sitt omdømme.
- Vi skal vera ein ressursmart kommuneadministrasjon og ta i bruk ny teknologi for å effektivisere tenester og forenkle planleggingsprosessar og saksbehandling.
- Dovre kommune skal vera ein reieleg og inkluderande arbeidsgjevar.

Innspel og forslag til endringar i målformuleringane:

- Forslag til nytt punkt/målformulering: « Vi skal bygge opp under likeverd i kommunen. Alle skal føle at dei er like mykje verd.»
- Ta bort «sjølvstyre» frå målformulering Det er betre at det berre står «styrke lokaldemokratiet».
- Legge til jobbe «målretta» for å styrke Dovre kommune sitt omdømme.
- Fjerne siste målformulering om arbeidsgjevaransvaret. Det er sjølv sagt.
- Tredje kulepunkt: Endre til «ressursmart kommune».

Innspel til kva vi kan gjera for å nå måla og andre innspel:

- Må få på plass eit fungerande ungdomsråd.
- Sette av pengar til Ungdomsråd og få på plass prosessar som gjer at det er kort veg frå ungdomane sine idear til handling – viktig g å vise at engasjement verkar.
- Det er enda viktigare å få med dei som går på ungdomsskulen no som vi ikkje har den vidaregåande skulen på Dombås – få vite kva dei er opptatt av og gje dei noko å vera stolte av, slik at dei kjem heim etter at dei har gått på skule andre stader.
- For å få ungdom aktive, må vi våge å stille krav til dei.
- Forbetre Dovre kommune sine nettsider og gjere det lettare å finne informasjon.
- Rydde i postlistene. I dag «forsvinn» viktig informasjon i mengda av unyttig informasjon.
- Vanskeleg å finne fram til politiske møter på nett.
- Kvaliteten på kommune-TV er ikkje god nok (gjelder både lyd og bilde).
- Pressemeldingar om ting som skjer.
- Innføre «opent kommunestyremøte» t.d. ein gong i halvåret.
- Få på plass grendeutval.
- Spille på eksisterande strukturar (der dei finst) i staden for å etablere grendeutval.
- Må få på plass Ggendelag eller grendeutval på Dombås.
- Grendemøte.
- Buke fleire informasjonskanalar enn Facebook.
- Kommunen bør ha ei eiga spalte i Vigga for å få ut informasjon til innbyggjarane.
- Velge riktige plattformar for kommunikasjon – informere om FRISKUS og få alle til å legge inn aktivitetar der. Vi når ikkje dei unge på Facebook.
- Kommunikationsstrategi.
- Må hugse at ikkje alle innbyggjarar er digitale.
- Betre kommunikasjon med jobbsøkarar – gje tilbakemelding til dei som ikkje fekk jobb og oppmuntre dei til å søke andre stillingar i kommunen.
- Utvida opningstider på kommunehuset.
- Brukarvennleg teknologi.
- Opplæring (webinar) i digitale tenester.
- Innbyggjarundersøking kan ikkje berre vera på nett.
- Viss alt skal vera på nett, må kommunen vera sikker på at alle har nett som fungerer.
- Kommunen må nå ut med informasjon i fleire kanalar. App for innbyggarskjermene med push-varsel på mobil? Flygeblad med nyheiter og viktig informasjon?
- Kommunen må vera meir opne og meir positive når det kjem spørsmål frå innbyggjarar.
- Kommunen må svare på brev etter forvaltingslova.
- Ordføraren kan ha open dag, t.d. ein gong i månaden.
- Lokal forankring av forvaltning av verneområda – enklare saksbehandling i kommunen?
- Fleire fysiske møtepunkt. Viktig at folk treffast og pratar saman.
- Liten kultursal/amfi med godt lydutstyr ein eller annan stad i kommunen.
- Openheit/gjennomsiktighet.
- All innbyggjarar må takast på alvor på likt grunnlag.
- Godt samarbeid mellom politikarane og administrasjonen. Det trengst betre kommunikasjon mellom nivåa.
- Administrasjonen bør jobbe med å forenkle saksbehandlinga og redusere saksbehandlingstida. Sjå etter moglegheiter.
- Sakleg debatt i sosiale media. Alle må bidra med noko positivt og alle må bli satt pris på.
- Meir informasjon om sentrumsutvikling og meir deltaking.
- Kommunen må fullføre eit prosjekt før vi begynner med noko anna.
- Det må settast av meir ressursar til kultur og kommunikasjon.
- Støtte fritidsklubben på Dovre meir aktivt, engasjerte ungdommar.
- Kommunestyret må representere heile bygda, og politikarane må òg vera redelege og inkluderande. Betre representasjon frå folk frå heile bygda inn i gruppa av politikarar som jobbar med samfunnsplanen.
- Årlege tilskot til drift av samfunnshusa (meir til Dovre samfunnshus, sidan det er større enn dei andre).
- Det er viktig at ny teknologi blir behandla med kløkt og omtanke. Ikkje alt kan erstatte «ei varm hand».
- Kommunen bør legge opp til fleire møter som liknar på desse folkemøta, men gjerne med meir avgrensa tema, slik at det er mogleg å diskutere i meir detalj (praktiske tiltak).
- Sikre politisk styring: 1. kommuneplanens samfunnsdel må danne grunnlaget for beslutningar, inkl. økonomi. 2. Ikkje delegere for mykje makt til kommuneadministrasjonen.
- Redusere terskelen for politisk engasjement, t.d. gjennom fleire møte på dagtid.

- Bygge omdømme gjennom å snakke varmt om heile kommune, ikkje kamp mellom tettstadene.
- Bygge ned motsetningane mellom Dovre og Dombås. Ungane er venner, det er dei vaksne som er «problemet». Kan vi sette ned ei gruppe som skal jobbe med å samle bygda?
- Mangfald og sosial tryggleik er viktig for lokaldemokratiet.
- Klårspråk i saksbehandling og informasjon.
- Sørge for eit godt og sakleg debattklima – politikarane og andre «offentlege personar» må vere gode forbilde. Vi må vera hyggelege mot kvarandre og anerkjenne kvarandre sine meiningar. Då er det viktig å møtast fysisk som på desse folkemøta.
- Vi må engasjere innbyggjarane til deltaking.
- Årshjul for grendemøter og anna medverking – meir av møter som desse folkemøta, og få fram at alle er velkomne.
- Gjere ein innsats for å engasjere dei mellom 20 og 40.
- Vi må samarbeide med nabokommunar, ikkje berre Lesja og Sel, men Folldal og Oppdal også.

4. Næringsutvikling og natur- og kulturbasert verdiskaping

Mål:

- Dovre kommune skal vera ein framoverlent hjelpar som spelar på lag med næringslivet. Vi skal legge til rette for utvikling og rekruttering til bedrifter, og vi skal ta initiativ til utviklingsprosjekt i samarbeid næringslivet.
- Vi vil ha grøn verdiskaping i Dovre, bygd på lokale ressursar, tradisjonar og ein sirkulær økonomi.
- Vi skal ha eit levedyktig landbruk som sikrar matproduksjon, kulturlandskap, sysselsetting, busetting og som bidreg til å styrke totalberedskapen.
- Dovre skal vera ein heilårs reiselivsdestinasjon.
- Vi skal ta vare på viktige kulturminne i kommunen og legge til rette for at desse kan bidra til næringsutvikling.

Innspel og forslag til endringar i målformuleringane:

- Bør endre formuleringa i andre kulepunkt til: «vi skal ha grøn verdiskaping...»
- Det er motsetningsfylt å satse på grøn verdiskaping og ei berekraftig samfunnsutvikling samtidig som kommunen ønsker at Dovre skal bli ein vinterdestinasjon. Klimaavtrykket vil auke og auka ferdsel vil verke negativt på naturen.
- Målformulering om heilårs reiselivssatsing bør utdjupast (på same måte som formuleringa om landbruk).

Innspel til kva vi kan gjera for å nå måla og andre innspel:

- Styrdding, skilting, informasjon om turmoglegheiter i heile kommunen. Brosjyrar med turforslag kan kanskje leggest ut på campingplassar?
- Kommunen må vera positive og legge til rette for bedrifter og næringsutvikling. Dette handlar òg om attraktivitet – visa at det er godt å bo i Dovre.
- Dei vanskelege tidene i landbruket er del av ein nasjonal trend. For Dovre er rovdyr eit stort problem. «Vi mista 700 sau til rovdyr førre sesong».
- Legge til rette for Reko-ring og formidling av lokale produkt.
- Slutte å legge til rett for «kannibalisme» i landbruket. Dovre er ikkje laget for stor bruk. Småbruk legg til rette for meir busetting, andre næringsmoglegheiter og betre utnytting av små areal.
- Eit landbruk med mangfald – ikkje berre husdyrhold, men planteproduksjon, potet, kålrot, osv. for å sikre beredskapen.
- Eit levedyktig landbruk: vi må vera strenga når det gjeld omdisponering av dyrka mark (torvuttak).
- Viktig at kommunen ser dei som jobbar i landbruket og fange opp dei som treng hjelp.
- Sikre rekruttering til landbruket.
- Vi må kjøpe produkt som er produsert lokalt. Då må vi gjera det lettare for gardbrukarane å selge varer lokalt (marknads plass, bondens marknad)
- Landbrukskontoret er veldig bra.
- Gjere noko med rovdysituasjonen, slik at det blir betre kår for fjellandbruket.
- Halde fram med å arrangere frukostmøte, men sørg for å spreie dei utover i heile kommunen.
- Støtte opp om Hjerleid-miljøet som er ein viktig samfunnsaktør for å ivareta Dovre si kulturhistorie og handverkstradisjon.
- Gründerstøtte. Kommunen kan gje midlar til nyetablerte bedrifter.
- Få fleire til å stoppe på Dovre – etablere ein attraktiv rasteplass.
- Vi ynskjer å bruke naturen rundt oss utan for mange inngripande restriksjonar.
- Nøytrale saksbehandlarar som fattar prinsipielle vedtak, t.d. når det gjeld konsesjon.
- Regionalt plankontor.
- At vi får vedtatt ein kulturminneplan i kommunen. Må få på plass ein kulturminneplan for å kunne prioritere. Vi kan ikkje ta vare på alt.
- Viss Dovre kommune vil bidra til næringsutvikling knytt til viktige kulturminne, håpar vi at kommunen veit kva dei gjer. Kulturminne som er eldre enn 1536 er freda, og mange av kulturminna i Dovre kommune ligg i svært sårbar natur og i oppvekstområde for villrein.
- Offentlege toalett.
- Vera stoltare av historia vår og fortelje om den.
- Viss Dovre skal bli ein heilårs reiselivsdestinasjon må det satsast på sentrumsutvikling, handelstilbod og turistkontor. Betre gang- og sykkelveggar er òg viktig for reiselivet.
- Skiløyper er avgjerande for å lukkast med satsinga på heilårs reiseliv.
- Heilårs reiselivssatsing: varierte aktivitetstilbod og nok overnattingskapasitet viktig for sysselsetting, beredskap, m.m.
- Skiløyper frå sentrum og ut i terrenget.
- Turistkontor. Legge til rette for ein aktiv/open turistinformasjon på Dombås sommarstid. Kan knyttast til informasjon om nasjonalparkane i området. No er det ledig plass i Storrustenbygget, ev. den gamle bokhandelen. Viktig med informasjon om tilbodet (meir enn Ut.no), sal av aktivitetar, tenester.
- Arbeide for at Dombås blir ein nasjonalparklandsby.
- Vi må få orden på det vi har før vi utviklar nye konsept og prosjekt, som t.d. heilårs reiselivssatsing. Det må på plass fleire toalettanlegg langs E6, betre ordningar for søppeltømming og vi må avgrense campingmoglegheiter.
- Vi må samarbeide med Follidal og Oppdal for å forhindre villcamping og uønskte toalettbesøk.
- Kva med skiløyper over heile fjellet?
- Nye utandørs aktivitetar, som t.d. zip line i eit av sentrumsområda.
- Få i gang igjen Dovre Næringsforeining - eit samla forum for næringslivet i Dovre, der tema og saker kan drøftast, der det kan leggest strategiar og der ein kan få til felles løft. Må også fange opp dei som jobbar frå heimekontor, osv.
- Meir samarbeid i næringslivet – konkurrere med bedrifter andre stader, ikkje med naboen.
- Støtte opp om bedrifter som bygger på grønn verdiskaping og berekraftige løysingar.
- Støtte opp om reiselivsbedrifter som bidreg til at det kjem besøkande til Dovre.
- Utvide næringsfondet.
- Kan kommunen stille med areal (ledige lokale) til oppstartsbedrifter?
- Risikokapital til næringsutvikling – legge til rette for investeringar.
- Positiv og tett dialog med næringslivet: Fokusere på å løyse, ikkje stille spørsmål. Ja- kommune (som Ringsaker). Kommunen må vera synlege på viktige arenaer utanfor kommune, som t.d. Rekreasjonsklynga og Summit Kvitfjell. Viktig for å bygge nettverk og alliansar.
- Problemativering av «grøn verdiskaping». Skal vi berre ha grøn verdiskaping?
- Hjelp Krigsminnesamlingen til å få fleire opningsdagar og fortsette arbeidet med å være ein viktig historiefortellar for området vårt.
- Informasjonstavle med kart og bilde ved avkøyringa til «utsikten»/E6.
- Dovre kommune bør vera ein «ja-kommune», meir aktiv tilretteleggar – kan vi rydde opp i unødvendig byråkrati/regelverk?
- Legge til rette for bustadutvikling – viktig for byggebransjen. Kommunen bør selge unna ein del bygningsmasse.

- Folk må sjå at det er moglegheiter på Dombås – stoppestad Dombås.
- Paradoks moskussatsing (turisme og villrein), samtidig som bygdafolket kjenner seg avgrensa mtp. fri ferdsel.
- Styrke Hjerleid-miljøet, særleg viktig etter at det vidaregåande tilbodet på Dombås forsvinn.
- Isbading og badstue.

5. Klima, natur og miljø for framtida

Mål:

- Vi skal kutte utslepp, redusere forbruket, gjenbruka meir og handtere avfall betre.
- Vi skal ivareta det spesielle ansvaret vi har for å forvalte nasjonalparkar, sårbar natur og dei få gjenlevande villreinstammene på Dovrefjell og i Rondane. Nye tiltaksplanar for villrein må ha lokal aksept, vera forståelege og ikkje meir omfattande enn det som krevst.
- Vi skal ta vare på naturmangfaldet gjennom heilskapleg arealplanlegging.
- Vi vil ha meir lokalt forankra forvaltning av verna områder i kommunen.

Innspel og forslag til endringar i målformuleringane:

- Det er litt lite utvikling i desse målformuleringane.

Innspel til kva vi kan gjera for å nå måla og andre innspel:

- Det gror igjen overalt, og fuglelivet forsvinn – vi har til og med fått måker i høgfjellet. Viktig å oppretthalde beitebruk i fjellet.
- Vi må behalde reinsjakta som ein eksklusiv lokal rettighet og ikkje selje ut så det blir ein «rikmannssport».
- Vi vil ha meir utbygging av gang- og sykkelveggar.
- Vi vil ha meir lokal forvaltning i verneområda. Politikarane må jobbe opp mot sine parti sentralt for å finne gode løysingar.
- Oppretthalde og vidareutvikle Jora miljøstasjon og bruktbuikken med utvida opningstider og miljøpunkt på fleire stader rundt om i kommunen.
- Må finne ein betre plass til containerar i Dovre sentrum. Det er for trangt å komme inn.
- Enkelte bør få hjelp til å komme i gang med avfallshandtering (video).
- Eigen, ubemanna miljøstasjon for papp, glas og hageavfall på Dovre. Helst utanfor sentrum, slik at det ikkje blir sjenerande. Dette er viktig for å unngå private fyllingar.
- Det bør vera gratis å levere avfall på miljøstasjonen for næringsdrivande, frivillige lag og foreiningar og privatpersonar.
- Bra at vi har fått dunkrenovasjon.
- Open miljøstasjon éin laurdag i månaden og renovasjonspunkt for papp, papir, osv. i sentrum + fleire søppeldunkar.
- Legge til rette for at private kan kompostere sjølv. Sjå til ordningar i andre kommunar, som har midlar til kompostering. Kommunen kan t.d. tilby Biolan 220 til innkjøpspris (sjå sirkula.no – rettleiar for heimekompostering, punkt 5.2.).
- Årleg tilsyn med overflatevatn, bekkar og åer. Einbugga og fleire andre åer er attgrodde og fungerer som «lokale miljøstasjonar»/»søppelplassar».
- Meir uforutsigbart klima. Det har vært nære på nokre gonger. Det trengst opprydding rundt vassdrag.
- Viktig å halde kostnadane nede ved miljøstasjonen for å hindre private og lokale fyllingar.
- Vi må begrense villcamping, særleg i fjellet.
- Barna våre må lære seg å bli glade i naturen.
- Bruke randsona til verneområda meir aktivt.
- Lokal forankring i forvaltninga.
- Moskusen er viktig, men vi må regulere turisttrafikken.
- Like føresetnader for lokalbefolkning og DNT i fjellheimen.
- Kommunen bør forplikte seg til å bli arealnøytral (89 kommunar i Norge var det i 2022).
- Det er viktig at kommunen bidrar til at vi ser på vernegraden (73,5 prosent) med stoltheit, og ikkje som eit hinder. Vi må lære oss å vera stolte over kulturarven, naturen og historia vår. Vi må bygge vidare på det. På den måten lærer vi oss å ta vare på den òg.
- Meir kollektivtransport og meir miljøvennleg transport – kan vi få til eit opplegg med bestillingstransport (som Uber)?
- Kompensasjon for vern.
- Få til betre samkøying med andre kommunar om verneområde – praksis, dispensasjonar, m.m.
- Lokale må føle seg velkomne i fjellet, ikkje som kjeltringar når vi bruker fjellet og naturen. Men vi må også tilpasse oss fjellet.
- Vi må til ein riktig balanse mellom bruk og vern.
- Tydeleggjere kva vi meiner med å redusere forbruk. Sløseri?
- Ueinigheit om lokal forvaltning – nokon er skeptiske, andre meiner det er veldig viktig.
- Få ein plan for elbil-ladarar i heile kommunen.
- Få trailerane vekk frå Dombås sentrum.
- Gjere det lettare å få kontakt med Dovre Fjellstyre på telefon.
- Reinske opp attgroing i Vålåsjøen.